



## STORTINGET

# Innst. 150 S

(2022–2023)

Innstilling til Stortinget  
frå energi- og miljøkomiteen

Dokument 8:260 S (2021–2022)

**Innstilling frå energi- og miljøkomiteen om Representantforslag frå stortingsrepresentant Sofie Marhaug om full revisjon av Røldal–Suldal kraftanlegg**

Til Stortinget

## Bakgrunn

I dokumentet blir følgjande forslag fremja:

- «1. Stortinget ber regjeringa syte for at dei strenge miljøkrava som gjeld ved nye vasskraftutbyggingar i dag, blir lagde til grunn når Røldal–Suldal-konsesjonane blir reviderte.
2. Stortinget ber regjeringa syte for ein ny gjennomgang av heile Røldal–Suldal kraftanlegg og vassdraget frå høgfjellet til Suldalsvatnet med sikte på å byggje om og oppgradere anlegget for å utnytte vatnet på ein meir berekraftig måte, med langt betre natur- og miljøomsyn.
3. Stortinget ber regjeringa syte for at manøvreringsreglementet for vasskraftanlegget blir oppdatert i tråd med innspela frå kommunestyret i Ullensvang.
4. Stortinget ber regjeringa leggje til grunn at dei nye kompensasjonsvilkåra for vertskommunane og grunneigarane for Røldal–Suldal kraftanlegg skal byggje på føresetnadane og lovnadane gjennom vedtak om heimfall etter 60 år, slik som Stortinget gjorde i 1962.»

Ein viser til dokumentet for nærare omtale av forslaga.

## Merknader frå komiteen

Komiteen, medlemene frå Arbeidarpartiet, Mani Hussaini, Stein Erik Lauvås, Linda Monsen Merkesdal, leiaren Marianne Sivertsen Næss og Hadia Tajik, frå Høgre, Nikolai Astrup, Bård Ludvig Thorheim, Ove Trellevik og Mathilde Tybring-Gjedde, frå Senterpartiet, Siv Mossleth, Ole André Myhrvold og Gro-Anita Mykjåland, frå Framstegspartiet, Terje Halleland og Marius Arion Nilsen, frå Sosialistisk Venstreparti, Lars Haltbrekken og Birgit Oline Kjerstad, frå Raudt, Sofie Marhaug, frå Venstre, Ola Elvestuen, frå Miljøpartiet Dei Grøne, Signe Bakke Sølberg, og frå Kristeleg Folkeparti, Kjell Ingolf Ropstad, viser til at representantforslag om Røldal og Suldal kraftanlegg også vart handsama av Stortinget i 2021. Komiteen viser til Dokument 8:82 S (2020–2021), jf. Innst. 222 S (2021–2022), med votering 23. februar 2021.

Komiteen viser til Prop. 1 S (2021–2022), der det blir gjort greie for korleis dei to vedtaka gjorde i handsaminga av Dokument 8:82 S (2020–2021) er fylgde opp. Konsesjon og omgjerung av konsesjonsvilkår for Røldal–Suldal vart avgjorde ved kongeleg resolusjon 11. juni 2021, med grunnlag i gjeldande lovverk. Same dag sende Olje- og energidepartementet (OED) brev til Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE), der departementet ber NVE opne revisjonssak. Komiteen viser til svarbrev frå olje- og energiminister Terje Aasland datert 12. september 2022, der han opplyser at vilkårsrevisjon for Røldal–Suldal Kraft (RSK) vart opna 17. mars 2022, og at det vart halde oppstartsmøte av revisjonen 23. mai

2022 der NVE, Landssamanslutninga for Vasskraftkommunar (LVK), berørte kommunar og Lyse Kraft DA deltok. Vurderinga av om det er særskilt grunnlag for å opprette næringsfond eller andre økonomiske vilkår i samband med denne konsesjonen, skal gjerast av konsesjonsstyresmaktene i samband med den pågåande revisjonen.

Komiteen har gjennomført ei skriftleg høyring, og det er motteke 48 høyringsinnspel – Nokre frå miljøorganisasjonar, men dei fleste frå grunneigarar og folk som bur eller har tilknytning til området. Ein god del av innspela handlar om tilhøve som det er opp til forvaltninga å avklare i den pågåande revisjonsprosessen.

Medlemene i komiteen frå Sosialistisk Venstreparti, Raudt, Venstre, Miljøpartiet Dei Grøne og Kristeleg Folkeparti registrerer at mange av dei innsende høyringssvara inneheld sterke personlege historier som skildrar kor store menneskelege og miljømessige konsekvensar neddemminga av Valldalen, reguleringa av Røldalsvatnet og Votna og tørrlegginga av Novlefossen har hatt for natur, næringsliv, kultur, livskvalitet og identitet. Dette gjeld særleg i fjellbygda Røldal, som i si tid var vidkjend for Røldalsosten. Det er tydeleg at dette har vore eit traume som sjølv etter 60 år pregar folk sterkt, også dei som er fødte etter kraftutbygginga. Lokalsamfunnet har levd i trua på at det skulle bli ein sjanse til å få retta opp urett når tida for fornying og heimfall skulle skje. Mykje av det som er skildra, er knytt til det ein reknar som «allmenne interesser» slik som tilkomst til fjellområda, vanna, liene og inngangsporten til Hardangervidda – Areal som ligg over det kunstige oppdemte vatnet i Valldalen. Å kunne bruke dei attståande områda som før, slik som var lova den gongen, har ifylgje høyringssvara ikkje vore mogleg i praksis, verken sommar eller vinter. Desse medlemene legg til grunn at det er skapt enorme økonomiske verdiar for samfunnet i form av kraftproduksjon i Røldal-Suldal-anlegget, medan lokalsamfunnet har sete att med tapet og traumet som vart påført ved staten sine vedtak om konsesjon i 1962. Høyringsinnspela forsterkar desse medlemene sitt inntrykk av at dette er ei spesiell sak mellom dei mange konsesjonssakene som står føre revisjon i åra som kjem.

Komiteen viser til at utbyggingen på 1960-talet var et av Norges største vannkraftanlegg og representerer store verdier og inntekter til eierne, storsamfunnet og kommunene. Anleggene innebærer store naturinngrep som tørrlagt Novlefoss, neddemming av Valldal med 18 støler som hadde stor betydning for landbruksbygda Røldal, og at Røldalsvatnet midt i bygda ble reguleringsmagasin med inntil 17 meters reguleringshøyde. Neddemmingen i Valldalen og tørrlegging av fossefall har sammen med store reguleringshøyder påført dyreliv

og lokalbefolkningen en betydelig belastning gjennom tap av næringsgrunnlag, bruksmuligheter av utmark og friluftsliv, som de har båret på vegne av storsamfunnet. Innbyggerne i området lever fortsatt under konsekvensene av de betydelige naturinngrepene og behandlingen av grunneierrettigheter kraftutbyggingen førte med seg på 1960-tallet.

Norge vil i nær fremtid ha behov for store mengder ny fornybar kraft, og lokal aksept er i denne sammenheng svært viktig. Komiteen understreker at lokale erfaringer med eksisterende kraftproduksjon vil være sentralt for viljen til nye lokalsamfunn for å åpne for kraftproduksjon i sine nærområder. Det er derfor avgjørende i saker der det har vært betydelig lokal motstand mot dagens kraftproduksjon, at revisjonsprosessene tar hensyn til lokale bekymringer, som kan bidra til å styrke og gjenoppbygge den lokale legitimiteten til kraftproduksjonen.

Komiteen viser til Retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragsreguleringer som fastslår at det må foreligge helt spesielle hensyn før det kan være aktuelt å pålegge næringsfond og andre økonomiske vilkår i revisjonssaker, og merker seg at det som ledd i en alminnelig vilkårsrevisjon er konsesjonsmyndighetene som på faglig grunnlag skal vurdere om det er spesielle forhold som kan tilsa at det blir fastsatt økonomiske vilkår knyttet til tiltaket. Byggingen av Røldal-Suldal kraftanlegg innebar store naturinngrep som har hatt en betydelig påvirkning på lokalbefolkningen. Den belastningen lokalsamfunnet opplever, har kommet tydelig frem i høringssvarene. Komiteen mener det er riktig at opprettelse av næringsfond skal vurderes i den pågående revisjonssaken for Røldal-Suldal, og understreker viktigheten av en god prosess som kan motvirke mange av de negative effektene for lokalsamfunnene. Det er oppfatningen til komiteen at det i Røldal-Suldal-saken finnes spesielle hensyn behandlingen av revisjonssaken må ivareta, i tråd med føringene fra Stortingets anmodningsvedtak i forbindelse med behandlingen av Dokument 8:82 S (2020–2021), jf. Innst. 222 S (2020–2021).

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Høyre, Senterpartiet og Fremskrittspartiet, ønsker å påpeke at Stortinget ikke skal drive saksbehandling, og at regjeringen er ansvarlig for at dagens lovverk følges opp i tråd med lovgivers intensjon. 23. mai 2022 ble det gjennomført et oppstartsmøte mellom Norges vassdrags- og energidirektorat, berørte kommuner, Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar og Lyse Kraft DA, der aktørene fant en omforent løsning på veien videre for revisjonsprosessen. Flertallet forutsetter at regjeringen sørger for en god videre prosess som tar hensyn til lokalsam-

funnenes bekymringer og finner gode omforente løsninger som kan dempe konfliktnivået lokalt.

Medlemene i komiteen frå Sosialistisk Venstreparti, Raudt og Miljøpartiet Dei Grøne viser til tidlegare handsaming av saka og merknadane til Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti, og Miljøpartiet Dei Grøne i Innst. 222 S (2020–2021). I innstillinga er det gjort grundig greie for saka og historia knytt til prosessen med krav om revisjon av konsesjonsvilkåra. Både Ullensvang og Suldal kommune har engasjert seg og arbeidd for ei modernisering av den 60 år gamle konsesjonen som skulle gå ut i 2022. Det er også vist til at i Olje- og energidepartementet i sine lovtekniske oppdateringar av vassdragsreguleringslova og industrikonsesjonslova i 2017 sa at

«[F]or konsesjoner som ikke har vilkår om revisjon bør det, samtidig med omgjøring av vilkår om varighet, også settes vilkår om revisjon. Revisjonstidspunktet bør settes som om den opprinnelige konsesjonen ble gitt tidsbegrenset. Er dette tidspunktet passert bør revisjonstidspunktet settes til tidspunktet for omgjøringsvedtaket.»

I innstillinga er det også vist til ein høyringsuttale frå Hydro i samband med vassforvaltningsplanane i Rogaland, datert 31. desember 2014. Der ordlegg selskapet seg på ein måte som peikar fram mot ei mogleg fornying av konsesjonen, og det er ikkje rart om kommunane og lokalsamfunnet forventa at det skulle kome ein meir omfattande revisjon når konsesjonen skulle fornyast.

Desse medlemene meiner at det som kom fram i handsaminga av Røldal–Suldal-saka i 2021 og dei mange høyringsinnspela i samband med handsaminga no, gir god grunn for Stortinget til å forsterke kravet om at regjeringa bør gjennomføre ei grundig modernisering av konsesjonen og gjere det som kan gjerast for å gi ei meir rettferdig handsaming av lokalsamfunnet som har ofra så mykje for storsamfunnet og industrien. Det trengst ei modernisering av konsesjonsvilkåra der ny kunnskap om miljøkonsekvensar må ligge til grunn. Desse medlemene legg til grunn høyringssvara som syner at føresetnader for den gamle konsesjonen ikkje er godt nok innfridde frå konsesjonæren si side. Dette gjeld særleg trygg ferdsel og tilgang til dei beiteareala som er att, samt ferdsel på og langs vatna. Desse medlemene meiner at det er eit offentleg ansvar å sjå til og krevje at konsesjonæren får konkrete krav og at desse blir oppfylte. Det skal ikkje vere opp til velviljen til konsesjonæren kva som skal skje med dette. Desse medlemene får opplyst at konsesjonæren har halde møter der spørsmåla om rasfare og problem med ferdsel har vorte tekne opp mange gonger, men grunneigarlaget opplyser at lite har blitt gjort for å betre situasjonen. Dette har med grunnleggande menneskerettar å gjere opp prinsippet i artikkel 17 om at ingen vilkårleg skal frå-

takast sin eigedom. Avtalen var at lokalbefolkninga skulle kunne bruke restareala som før i Valldalen. I praksis har det vorte svært vanskeleg som fylgje av neddemminga fordi vegen er dårleg bygd og det stadig skjer erosjon i reguleringssona.

Den sørvestlege inngangsporten til Hardangervidda via Valldalen er ifylgje høyringsinnspela i praksis stengd for allmenn ferdsel store delar av året på grunn av rasfare og dårleg veg. Røde Kors Hjelpekorps ser til dømes dette som ei ulempe i samband med deira redningsteneste knytt til Hardangervidda vinterstid.

Desse medlemene viser dei gamle filmene og bileta frå området som syner at naturinngrepa og det kulturelle og økonomiske tapet som lokalsamfunnet vart påført då det vart gitt konsesjon, er spesielle og svært omfattande, og at dette er noko som regjeringa må legge vekt på i det oppstarta revisjonsarbeidet. Gardane i Røldal miste 75 pst. av grunnlaget for drift då Valldalen vart neddemd, og dette førte mellom anna indirekte til at bygdemeieriet vart nedlagt. Konsekvensane går langt ut over det reint materielle, noko som kjem tydeleg fram i dei mange høyringssvara som er komne inn i samband med komiteen si handsaming av saka.

Desse medlemene meiner det kviler eit stort moralsk ansvar på storting og regjering om å ikkje berre vareta dei økonomiske interessene til den som har konsesjon, men også lokalsamfunnet som har venta på denne revisjonen i over 60 år. Desse medlemene viser til statsråden sitt svar og «Retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragsreguleringer», som slår fast at ein revisjon ikkje kan gå inn i og vurdere alle spørsmål i ein konsesjon, og at privatrettslege forhold ikkje er omfatta av ein revisjon, jf. Ot.prp. nr. 50 (1991–92). På grunnlag av høyringsuttalane og dei faktiske forholda i denne saka må ein spørje seg om dagens lovverk tek godt nok i vare lokalsamfunn og lokalbefolkninga sine interesser ved forlenging og omgjerung til ein tidsuavgrensa konsesjon.

Desse medlemene vil peike på at det verkar urimeleg at lokalsamfunn som har ofra svært mykje for fellesskapen, har fått svekt sine juridiske rettar så mykje i lovendringar som kom i vassressurslova i 2017. I samtaler med grunneigarlaget i Røldal har det kome fram at det kom som ei overrasking på dei at retten til å få gjennomført nytt skjøn og vurdert erstatning for seinskadar er borte. Det er heller ikkje urimeleg at lokalsamfunnet oppfatta at skjønnet som i si tid vart gjennomført i samband med konsesjonen, gjaldt kompensasjon for dei 60 åra konsesjonen varte, og at dette dermed er utilstrekkeleg og forelda med tanke på at konsesjonen no er omgjord til ein tidsuavgrensa konsesjon.

Medlemene i komiteen frå Sosialistisk Venstreparti og Raudt meiner det ilys av ein liberalisert europeisk kraftmarknad verkar urimeleg at lo-

kalbefolkninga skal måtte ta risikoen med å fremje eit søksmål mot mektige ressurssterke konsesjonærar med store økonomiske musklar for å få gjennomført nytt skjøen. Medan grunneigarane har mista driftsgrunnlag, har motparten i dag store inntekter frå fallrettane som i si tid vart eksproprierte mot grunneigarar og lokalsamfunn sin vilje. Kraftproduksjonen representerer enorme økonomiske verdiar og er utan tvil kome storsamfunnet til nytte, men det er urettvist at lokalsamfunnet skal bli sitjande att med symbolske erstatningar vedtekne i det gamle skjønet, medan storsamfunnet og konsesjonærane tener grovt på naturinngrepa som det i si tid vart gitt løyve til. Menneskerettar og lokalsamfunnsomsyn er løfta fram som eit viktig tema i samband med IP-BES sitt arbeid med naturavtalen. Denne saka i Røldal og Suldal er på mange måtar eit godt eksempel på korleis eit lokalsamfunn må bere ulempene medan andre får fordelane.

Medlemene i komiteen frå Sosialistisk Venstreparti, Raudt og Miljøpartiet Dei Grøne meiner at tilliten mellom sentrale styresmakter og folk ute i landet er ein av dei viktigaste verdiane i det norske samfunnet. Difor er det viktig at staten tek ansvar for å gjere nødvendige endringar i lover og lovpraksis dersom desse er i strid med den alminnelege rettskjenninga til folket. Med tanke på framtidige revisjonar og kraftutbyggingar er det difor desse medlemene sitt syn viktig å få gjort lovendringar som gir lokalbefolkninga høve til å få prøvd gamle skjøen om erstatningar i samband med forlenging av konsesjonar, utan å måtte ta risikoen med å gå til søksmål. Konsesjon vart i si tid gitt for 60 år, og det gamle skjønet gjaldt denne konsesjonen og ikkje ein tidsavgrensa konsesjon. Desse medlemene meiner det er grunn til å vurdere endringar i vassdragsreguleringslova og vassressurslova slik at grunneigarar og lokalsamfunn får tilbake retten til å få prøvd gamle skjøen utan å måtte ta risikoen med å gå til søksmål. Desse medlemene meiner at grunneigarorganisasjonen burde ha rett til representasjon i NVE sine møte om revisjon, då desse ofte har god lokal-kunnskap som det kan vere vanskeleg for ein kommuneadministrasjon å ha full oversikt over.

Desse medlemene fremjar difor fylgjande framlegg:

«Stortinget ber regjeringa fremje forslag til endringar i vassressurslova og vassdragsreguleringslova som betrar lokalsamfunn og grunneigarar sine legitime interesser ved omgjerding og revidering av gamle konsesjonar.»

Medlemene i komiteen frå Sosialistisk Venstreparti, Raudt, Venstre og Miljøpartiet Dei Grøne meiner at denne saka og andre revisjonar av eldre vasskraftprosjekt også må sjåast i

samanheng med at Noreg nyleg har underskrive naturavtalen, der vi som land skal arbeide for å stanse naturtap og restaurere øydelagd natur. Noreg skal ikkje berre styrke vern av natur, men arbeide for 100 pst. berkraftig forvaltning av all natur. Naturavtalen vil måtte føre til ei sterkare vektlegging og endra praksis i saker som omhandlar store naturinngrep, også i saker som denne.

Medlemene i komiteen frå Sosialistisk Venstreparti, Raudt og Miljøpartiet Dei Grøne vil peike på at regulerbar vasskraft er svært viktig for forsyningstryggleik, balansering av kraftsystemet og tilgang til fornybar energi, men forvaltninga av vasskraftressursane må utviklast og drivast med minst moglege negative miljøkonsekvensar, slik mellom anna vassressurslova slår fast. Så om Hydro AS og det nystifta eigarselskapet Lyse DA har fått omgjort konsesjonen etter vassdragsreguleringslova § 9, og vassfallrettighetsloven § 5 og § 10, og såleis har greidd å unngå heimfall gjennom ein selskapskonstruksjon, gjeld vassressurslova og dei andre lovene sine krav om at det skal takast omsyn til private og almenne interesser jamfør vassressurslova § 5:

«Enhver skal opptre aktsomt for å unngå skade eller ulempe i vassdraget for almenne og private interesser.

Vassdragstiltak skal planlegges og gjennomføres slik at de er til minst mulig skade og ulempe for almenne og private interesser. Denne plikten gjelder så langt den kan oppfylles uten uforholdsmessige utgift eller ulempe. Vassdragsmyndigheten kan ved forskrift fastsette nærmere regler om planlegging gjennomfring og drift av bestemte typer vassdragstiltak.

Vassdragstiltak skal fylle alle krav som med rimelighet kan stilles til sikring mot fare for mennesker miljø eller eiendom.»

Desse medlemene vil understreke at vasskraftshistoria vår truleg ikkje har tilsvarende døme på naturødeleggingar som neddemminga av eit heilt dalføre i aktiv bruk, Valldalen, tørtlegging av fossefall og store reguleringshøgder i Røldalsvatnet midt i bygda Røldal. Desse medlemene syner til høyringsinnspela frå Sabima, Norsk Friluftsliv, Noregs Jeger- og Fiskarforbund, Naturvernforbundet, Den Norske Turistforeininga og WWF Verdas naturfond, som peikar på kor naudsynt det er å endre miljøvilkåra i norske vassdrag. Dei peikar på at utbygginga av Røldal–Suldal kraftverk skjedd i ei tid med fråvær av moderne miljøtilpassingar. Organisasjonane syner mellom anna til at vi i dag har auka og oppdatert kunnskap om vassdraga, at utbyggingane har blitt større og fleire sidan 1960-talet, at liberaliseringa av kraftmarknaden og klimaendringar påverkar vassdraga, at artar som villrein og vill-laks er truga som følgje av utbygginga. Desse tilhøva krev strengare miljøvilkår i revisjonen av Røldal–Suldal kraftverk. Noregs Miljøvernforbund, Naturvernforbun-

det i Rogaland og Motvind Noreg er inne på fleire av dei same problema.

Medlemene i komiteen frå Sosialistisk Venstreparti, Raudt, Venstre og Miljøpartiet Dei Grøne peikar vidare på at både Ullensvang og Suldal kommune, i tillegg til LO i Indre Hardanger, Røldal bygdela og ei rekkje grunneigarar og einskildpersonar, er opptekne av å ta større miljøomsyn i revisjonen av Røldal–Suldal kraftverk. Fleire er særleg lite nøgde med tilkomsten til Valldalen. Valldalsvatnet er eit av dei vassdraga i Noreg med størst forskjell på høgast og lågast fylling. Dette får store konsekvensar både for menneske og natur.

På denne bakgrunnen fremjar desse medlemene følgjande forslag:

«Stortinget ber regjeringa syte for at dei strenge miljøkrava som gjeld ved nye vasskraftutbyggingar i dag, blir lagde til grunn når konsesjonsvilkåra for Røldal–Suldal-anlegget blir reviderte.»

Medlemene i komiteen frå Sosialistisk Venstreparti, Raudt og Miljøpartiet Dei Grøne fremjar følgjande forslag:

«Stortinget ber regjeringa syte for ein ny gjennomgang av heile Røldal–Suldal kraftanlegg og vassdraget frå høgfjellet til Suldalsvatnet med sikte på å byggje om og oppgradere anlegget for å utnytte vatnet på ein meir berekraftig måte, med langt betre natur- og miljøomsyn i tråd med vertskommunane Ullensvang og Suldal sine krav.»

«Stortinget ber regjeringa syte for at manøvreringsreglementet for Røldal–Suldal kraftanlegg blir oppdatert i tråd med innspela frå kommunestyra i Ullensvang og Suldal.»

Desse medlemene syner til at mange av høyringsinnspela syner, som komiteen har vore inne på, at utbygginga av Røldal–Suldal kraftverk har ført til store sår i lokalsamfunnet Røldal. Utholinga av heimfallsretten og regjeringa Solberg og stortingsfleirtalet si overføring i evig tid av kraftverket til Hydro-Lyse i førre stortingsperiode blir opplevd som eit grovt brot på den opphavelige konsesjonen frå 1962.

På denne bakgrunnen fremjar desse medlemene følgjande forslag:

«Stortinget ber regjeringa leggje til grunn at dei nye vilkåra for vertskommunane for Røldal–Suldal kraftanlegg skal byggje på føresetnadene og lovnadene gjennom vedtak om heimfall etter 60 år, slik som Stortinget gjorde i 1962.»

## Forslag frå mindretal

**Forslag fra Sosialistisk Venstreparti, Rødt, Venstre og Miljøpartiet De Grønne:**

*Forslag 1*

Stortinget ber regjeringa syte for at dei strenge miljøkrava som gjeld ved nye vasskraftutbyggingar i dag, blir lagde til grunn når konsesjonsvilkåra for Røldal–Suldal-anlegget blir reviderte.

**Forslag fra Sosialistisk Venstreparti, Rødt og Miljøpartiet De Grønne:**

*Forslag 2*

Stortinget ber regjeringa fremje forslag til endringar i vannressursloven og vassdragsreguleringsloven som betrar lokalsamfunn og grunneigarar sine legitime interesser ved omgjerung og revidering av gamle konsesjonar.

*Forslag 3*

Stortinget ber regjeringa syte for ein ny gjennomgang av heile Røldal–Suldal kraftanlegg og vassdraget frå høgfjellet til Suldalsvatnet med sikte på å byggje om og oppgradere anlegget for å utnytte vatnet på ein meir berekraftig måte, med langt betre natur- og miljøomsyn i tråd med vertskommunane Ullensvang og Suldal sine krav.

*Forslag 4*

Stortinget ber regjeringa syte for at manøvreringsreglementet for Røldal–Suldal kraftanlegg blir oppdatert i tråd med innspela frå kommunestyra i Ullensvang og Suldal.

*Forslag 5*

Stortinget ber regjeringa leggje til grunn at dei nye vilkåra for vertskommunane for Røldal–Suldal kraftanlegg skal byggje på føresetnadene og lovnadene gjennom vedtak om heimfall etter 60 år, slik som Stortinget gjorde i 1962.

## Tilråding frå komiteen

Tilrådinga frå komiteen blir fremja av medlemene frå Arbeidarpartiet, Høgre, Senterpartiet, Framstegspartiet og Kristeleg Folkeparti.

Komiteen viser til representantforslaget og til det som står ovanfor og rår Stortinget til å gjere følgjande

## v e d t a k:

Dokument 8:260 S (2021–2022) – Representantforslag frå stortingsrepresentant Sofie Marhaug om full revisjon av Røldal–Suldal kraftanlegg – blir ikkje vedteke.

Oslo, i energi- og miljøkomiteen, den 12. januar 2023

**Marianne Sivertsen Næss**

leiar

**Birgit Oline Kjerstad**

ordførar



**DET KONGELIGE  
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT**

Statsråden

Stortinget  
Karl Johans gate 22  
0026 OSLO

Deres ref

Vår ref

Dato

21/1963-

12.9.2022

**Representantforslag 260 S (2021-2022) om full revisjon av Røldal-Suldal kraftanlegg**

Jeg viser til brev fra Stortinget av 25. august d.å. vedlagt Dokument 8:260 S (2021-2022) Representantforslag frå stortingsrepresentant Sofie Marhaug om full revisjon av Røldal-Suldal kraftanlegg.

Representantforslaget inneholder følgende fire forslag i forbindelse med den pågående revisjonen av Røldal-Suldal kraftanlegg (RSK):

- 1. Stortinget ber regjeringa syte for at dei strenge miljøkrava som gjeld ved nye vasskraftutbyggingar i dag, blir lagde til grunn når Røldal-Suldal-konsesjonane blir reviderte.*
- 2. Stortinget ber regjeringa syte for ein ny gjennomgang av heile Røldal-Suldal kraftanlegg og vassdraget frå høgjellet til Suldalsvatnet med sikte på å byggje om og oppgradere anlegget for å utnytte vatnet på ein meir berekraftig måte, med langt betre natur- og miljøomsyn.*
- 3. Stortinget ber regjeringa syte for at manøvreringsreglementet for vasskraftanlegget blir oppdatert i tråd med innspela frå kommunestyret i Ullensvang.*
- 4. Stortinget ber regjeringa leggje til grunn at dei nye kompensasjonsvilkåra for vertskommunane og grunneigarane for Røldal-Suldal kraftanlegg skal byggje på føresetnadane og lovnadane gjennom vedtak om heimfall etter 60 år, slik som Stortinget gjorde i 1962.*

Det er i forslaget vist til Stortingets behandling av tidligere representantforslag i 2021 hvor det ble vedtatt at:

I

*Stortinget ber regjeringa om at vilkårsrevisjon av Røldal-Suldal-anlegga blir prioritert etter at konsesjon til desse anlegga er omgjord til ein konsesjon på uavgrensa tid.*

II

*Stortinget ber regjeringa sjå til at konsesjonsstyresmaktene vurderer om det på fagleg grunnlag er spesielle forhold som tilseier etablering av næringsfond eller andre økonomiske vilkår basert på eksisterende praksis og retningslinjer.*

Videre viser representanten til at det nå er et nytt flertall på Stortinget, og at deler av dette flertallet «ville gå lenger i å stanse ranet av innbyggerne i Ullensvang og Suldal».

Hovedformålet med revisjon av vilkår i meddelte vannkraftkonsesjoner er å bedre miljøtilstanden i regulerte vassdrag ved å sette nye vilkår for å rette opp miljøskader og ulemper som har oppstått som følge av reguleringen. Dette gjelder også revisjonssaken for reguleringene av Røldal-Suldalvassdragene. Dette må avveies mot formålet med konsesjonen som er kraftproduksjon.

Jeg viser til at forslagene som tas opp ble grundig behandlet av Stortingets energi- og miljøkomite i Innst. 222 S (2020-2021) i forbindelse med Stortingets behandling av Dokument 8:82 S (2020-2021). Jeg viser også til kommentarene til sistnevnte representantforslag i brev fra statsråd Bru av 8. og 29. januar 2021.

NVE er ansvarlig revisjonsmyndighet for vilkårene i konsesjonen. Vilårsrevisjonen for RSK ble åpnet 17. mars 2022. Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) opplyser at direktoratet 23. mai i år avholdt et oppstartsmøte der NVE, berørte kommuner, Landssamanslutninga av Vasskraftkommunar (LVK) og Lyse Kraft DA deltok. NVE opplyser at veien videre for revisjonssaken er omforent mellom deltakerne, og at det på grunn av samordning mellom varslede prosjekter om opprusting og utvidelse kraftanleggene og vilkårsrevisjonsprosessen foreløpig ikke er satt noen endelig frist for utarbeidelse av revisjonsdokument.

Revisjonssaken må behandles i tråd med rettslige rammer for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragsreguleringer. Disse er fastsatt av Stortinget gjennom vassdragslovgivningen, saksbehandlingsregler og i gjeldende "*Retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragsreguleringer*" fastsatt av Olje- og energidepartementet den 25. mai 2012. Hovedformålet er å bedre miljøtilstanden i regulerte vassdrag ved å sette nye vilkår for å rette opp miljøskader og ulemper som har oppstått som følge av reguleringen. I dette arbeidet vil NVE vurdere hvilke miljøforbedringer som bør gjennomføres.

Forslagene i representantforslaget synes å forutsette at det er en vesentlig videre adgang til å endre eller fastsette nye konsesjonsvilkår enn hva som følger av de lovfaste rammene



for revisjonsinstituttet. Forslag nr. 1, 2 og 3 synes å forutsette at vassdragsmyndighetene skal behandle revisjon av konsesjonsvilkår tilsvarende som det man gjør i konsesjonssaker for nye vannkraftanlegg eller i saker om fornyelse av en utløpt konsesjon.

Etter mitt syn kan en slik forutsetning ikke uten videre legges til grunn. Jeg viser til at enkelte av innspillene fra kommunestyret i Ullensvang, som departementet har fått kopi av, går utover det som kan gjennomføres innenfor de rettslige rammene lovgiver i dag har fastsatt for revisjon. For eksempel gjelder dette kommunens ønsker om delvis nedlegging av reguleringsmagasiner mv. Jeg viser også til at konsesjonene med bestemmelser om høyeste og laveste regulerte vannstand (HRV og LRV) og overføringer ligger fast. Disse endres ikke ved revisjon.

Sammenlignet med ordinære konsesjonssaker eller saker med fornyet behandling av utløpte konsesjoner (fornyelsessaker) står forvaltningen ikke like fritt til å legge til grunn «*dei strenge miljøkrava som gjeld ved nye vasskraftutbyggingar i dag*» ved revisjonssaker. Dette fremgår blant annet av «*Retningslinjer for revisjon av konsesjonsvilkår for vassdragsreguleringer*» hvor det redegjøres for de rettslige rammene for revisjonssaker.

I arbeidet med å revidere vilkår i meddelte vannkraftkonsesjoner må hensynet til å bedre miljøtilstanden i vassdraget avveies mot formålet med konsesjonen, som er kraftproduksjon. Etter min vurdering ville forslag 1 til 3 innebære vesentlige inngrep overfor eksisterende vannkraftproduksjon, som ville gå atskillig lenger enn det forvaltningen har grunnlag for i det gjeldende revisjonsinstituttet.

Når det gjelder spørsmål 4 og spørsmålet om å pålegge økonomiske vilkår og næringsfond i en revisjonssak, viser jeg til flertallets merknader i Innst. S 222 S (2021) og debatten ved Stortingets behandling av Dokument 82 S (2020-2021). I debatten var også forholdet til de opprinnelige gitte konsesjonene fra 1962 framme. Av innstillingen fremkommer det blant annet:

*«Fleirtalet merkar seg at det av Ot.prp. nr. 61 (2007–2008) følgjer:*

*«Økonomiske krav omfattes normalt heller ikke av revisjon. Det må foreligge helt spesielle hensyn før det kan være aktuelt å pålegge næringsfond og andre økonomiske vilkår i revisjonssaker. Dette gjelder også økonomisk kompensasjon for miljøulemper. Ifølge Ot.prp. nr. 50 (1991-92) s. 114 er behovet for oppjustering av årlige konsesjonsavgifter o.a. ivaretatt av lov av 3. juni 1983 nr. 51, jf. også lov av 12. juni 1987 nr. 62.»*

*Dette vart også stadfesta av dåverande olje- og energiminister Riis Johansen:*

*«Det oppstår også et tap for vertskommunene som ikke vil få tilgang på inntil 1/3 av de hjemfalte verdier slik industrikonsesjonsloven bestemmer. (...) Av forarbeidene fremgår at lovgiver var klar over at det ville oppstå et tap for vertskommunene som følge av*

*bortfall av hjemfalte verdier, men det ble ikke tillagt avgjørende vekt. Det ble forutsatt at det ikke skulle gis noen kompensasjon som følge av bortfallet av inntekter.»»*

Revisjonssaken for RSK skal følges opp på en grundig og god måte, der hensynet til forbedringer i vassdraget og mulige løsninger for dette avveies mot behovet for fremtidig krafttilgang. Som jeg har redegjort for er NVE i gang med arbeidet i saken. Arbeidet skjer i dialog med de berørte kommunene og konsesjonæren. Jeg mener dette arbeidet som er påbegynt må få fortsette. Jeg har tillit til at NVE tar de relevante hensyn og gjør gode faglige vurderinger innenfor lovens rammer i det videre arbeidet med revisjonssaken.

Jeg ser ingen gode grunner til at Stortinget eller regjeringen skal gjenoppta behandlingen av en sak som ble grundig behandlet og avgjort av et flertall på Stortinget for kort tid siden, ved behandlingen av Dokument 8:82 S (2020-2021). Jeg tilrår at representantforslaget ikke vedtas.

Med hilsen



Terje Aasland



